



Fredag 4. desember tennes lysa på julegrana.

Det nærmar seg jul att og fredag 4. desember kl. 17.00 er det igjen klart for julemarknad og tenning av julegrana.

Damevennene er allereie i gang med planleggjinga av årets julemarknad.

Som vanleg blir det tenning av julegrana kl. 17.00, sal av kaffi og kaker i Helgheim og lappar og gløgg ute i teltet.

Nytt i år er at ein vil at alle aktivitetane skal foregå rundt grana, teltet og i Gamleskule for på den måte å unngå all trafikken over vegen til Helgheim. Difor vil grautsalet og foregå ute i teltet i år.

Har du noko du vil bidra med, anten det er salsbod, stand, underhaldning eller vil hjelpa til under arrangementet, kan du kontakta Anette på tlf. 95226429.

Damevennene

Nett: Anita Enæs

Foto: Ola Matti Mathisen